



Dei tre uskedelingane på laget, Sondre, Hermund og Marius.

**Rosendal sitt A lag er no oppe på andreplass på tabellen etter siger 3-2 over Hordabø/Radøy/Manger. Kampen vart spela på Radøy. Dette var ein viktig bortesiger for Rosendal som no er med i tetstriden i pulja si. Uskedelingane Marius Myklebust, Sondre Myklebust, Hermund Døssland bidrog sterkt til denne viktige bortesigeren.**

Kampen vart spela på ein våt og glatt grasbane så forholda var ikkje dei aller beste. Allereie etter 10 minutt fekk heimelaget sin første skoring etter ein miss i forsvaret til Rosendal. Spelet bølga fram og tilbake, og så etter ca 25 minuttars spel fekk Rosendal ei frispark på cirka 25 meters hold. Yngve Enes skaut i mål på fint vis og stillinga 1-1. Resten av omgangen vart mykje kriging om ball, fint spel innimellom av Rosendal, og stillinga sto seg til pause.

Andre omgang starta som første, mykje duellar og kriging om ballen. Så etter ca. 20 minutt var heimelaget heldig og kriga inn 2-1 leiing. Rosendal tilreiv seg så spelet meir og meir utover i kampen og vart meir aggressive framover. Etter ca 30 minuttarspel vart Sondre felt innanfor 16 meteren, og dommaren var ikkje tvil! Straffe til Rosendal. Den satte Yngve Enes sikkert i mål og dermed 2-2.

No fekk Rosendal eit visst overtak og då det gjensto ca 8 minutt vart Stig Helle også felt innafør 16 meteren, og det var klart for straffe nummer 2. Yngve Enes styrde også denne sikkert i mål.

Rosendal styrde kampen inn til viktig 3-2 siger. Det var ein skikkeleg slitekamp på ein vanskleg våt bane, og dermed påførte heimelaget deira første tap. Kampen var elles prega av altfor mange gule kort på protestar mot dommaren. Spesielt heimelaget var fustrerte, men begge lag fekk gule kort. Høg tenningsfaktor og glatt bane får nok ta litt av skulda, men ikkje alt! Fokus på spelet og eigne prestasjonar bør telja mest.

Neste kamp er mot tabelljumbo Fotlandsvåg på neste lørdag på Rosendal Stadion.

Tekst og foto: Ragnvald Myklebust  
 Nett: Thor Inge Døssland

